



Båten viser godt att der den ligg ved kaien.

Alle som passerer Uskedalen for tida, kan ikkje unngå å leggja merke til det store blå fartøyet som ligg ved kai hos Eidsvik. Med lengde på 180 meter og breidde på 30 meter er nok dette rekordstorleik ved anlegget der. Båten ligg der i påvente på at den skal verta seld.

Båten, som framleis ber namnet Eide Transporter, er ein del av buet etter konkursen ved Eide Marine Service og ligg no i opplag i påvente av salg. Eidsvik Eiendom AS stiller kaiplass og landstraum til disposisjon for ei månedleg leige.

Frode Sønstabø fortel at det til eikvar tid er to mann ombord. Dei ser til fortøyningar, har sine faste rundar og held fartøyet i orden slik at det kan segla på kort varsel om det vert salg. Sønstabø arbeider no for buet, og han har ansvar for fartøyet og dei som arbeider ombord. Han har tidlegare vore tilsett i Eide-systemet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Øystein Enæs